



Notat

Dato: 01.07.2015
Arkivsak: 2015/6791-1
Saksbehandlar: sisover

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om overtal i vidaregåande skule

Fylkesrådmannen viser til møte i opplærings- og helseutvalet 12. mai, der representanten Børge Lunde (H) sette fram slikt oversendingsforlag:

«Prosedyrer og prinsipp kring overtalegheit. Ansiennitet/oppseieleg stilling. Forskjell? Forrang ? Reelle tilbod? Kva kan arbeidstakar takke nei til? Omfang – korleis er prosessen? Skyv ein ut andre tilsette på andre skular, eller går ein inn i ein vakanse? Ansiennitet? Kven har arbeidsgjevaransvaret mellom arbeidstilhøve/arbeidsplass? Lønsansvar? Uoppseieleg stilling: Er dette knytta til ein fast arbeidsstad eller gjeld dette i høve til HFK?».

I arbeidet med overtalssaker vert desse rangeringsreglane nytta: Formell kompetanse, tilsetningstilhøve og tenesteansiennitet. Tilsette med rett formell undervisningskompetanse har førerrett framfor dei som manglar denne. I overtalssituasjonar vert tilsette på vilkår erklært i overtal før ordinært tilsette. Pedagogisk tilsette som etter rettsvilkårsavtalen var uoppseieleg tilsett pr. 31. juli 1999, har det sterkaste vernet, sjå vedlegg. Hordaland fylkeskommune er ei IA-verksemd, og i slike overtalssaker vil det bli tatt særlege omsyn.

Ved tilsetning i Hordaland fylkeskommune er heile organisasjonen arbeidsområde. Ein vert tilsett i Hordaland fylkeskommune med for tida tenestestad ved t.d. Etne vidaregåande skule. I vurdering av tenestetid skal derfor samla samanhengande tenestetid i Hordaland fylkeskommune reknast med. Dersom overtalet ikkje let seg løyse ved ledige stillingar, skal alle tilsette vurderast. Dette kan innebere at lærar som er meldt i overtal, fortrengjer lærar med lik kompetanse, men lågare ansiennitet, og som ikkje er meldt i overtal i utgangspunktet.

Arbeidet med å vurdere behov for tilsette og fagkompetanse startar vanlegvis på skulane når fagtilbodet for neste skuleår og prognoseinntaket er kjent. Lokal arbeidsgjevar rangerer kven som er i overtal etter drøftingar med tillitsvalde. I samtalar med tilsette i overtal har arbeidsgjevar ansvar for at deira behov og ønske for nye stillingar vert notert.

Det vidare arbeidet skjer i personalseksjonen. Alle ledige stillingar vert meldt inn for utlysing, og tilsette i overtal vil bli tildelt ny tenestestad ut frå fagleg kompetanse. Det vert teke omsyn til at reiseavstanden skal vera rimeleg så langt det let seg gjere. Dersom det ikkje er mogleg å tilby tilsett i overtal ny stilling, eller at

vedkommande ikkje tar imot tilbodet/tilboda, vil personaldirektøren foreta oppseiing. Ein oppsagt tilsett har førerrett til ny stilling i fylkeskommunen i eitt år frå oppseiing.

Det er skulen der den tilsette i overtal arbeidde ved, som har arbeidsgjevaransvar og ansvar for løn fram til vedkommande anten har byrja ved ein ny tenestestad eller at oppseiinga er realisert.

Fylkesrådmannen viser til vedlegg for utfyllande opplysningar.

Vedlegg: Handsaming av overtalssaker (prosedyreskriv frå 01.12.14)